

GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 1

Februar 2021

72. årgang

INNHALD

Min salme2

Andakt3

Tre gode grunner til dåp.....3

Intervju med Heidi Granli.....4

Å være fadder.....5

Forbønsteneste for dåpsbarn..... 5

Hvorfor dåp?6

Liturgisk utstyr for barn..... 7

Nytt møtekonsept i Hemsedal.....8

Vikarar for diakonen.....9

Kunngjeringar..... 10 & 11

Gudstenester 11

Tips til digitale ressursar12



Gol kyrkjekontor - Gol kommunehus 3. etg
Eksp. tid mån– fre 9.00–15.00
 Tlf: 32 02 90 00 • kyrkja@gol.kommune.no
 www.gol.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje:
Anne Gerd Jorde
 Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 971 58 134
 anne.gerd.jorde@gol.kommune.no

Sokneprest:
Arnstein Bleiktvedt
 Mob: 958 28 706 - Fri måndagar
 arnstein.bleiktvedt@gol.kommune.no

Diakonarbeidere:
Sissel Rudningen (70%)
 Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
 sissel.rudningen@gol.kommune.no
 (tyrsdag, onsdag, torsdag, annakvar måndag/fredag)

Wera Waage Frogner (30%)
 Mobil: 943 54 618
 wera.waage.frogner@gol.kommune.no

Organist:
Justin Vickery
 Tlf. 474 75 580 • justin.vickery@gol.kommune.no
 Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

Sekretær:
Thorunn Haugo Tlf: 32 02 91 39
 thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no
 Kontortid: annakvar måndag, kvar tirsdag,
 onsdag og torsdag

Kyrkjetenarar:
Ludvig Munkejord Tlf: 911 22 763
Knut Ole Klepp Tlf: 906 58 761

Trusopplærar for Gol og Hemsedal:
Britt Marie Haraldset Hafsås Tlf. 951 22 136
 britt-marie.haraldset-hafsas@gol.kommune.no

Hemsedal kyrkjekontor - Hemsedal kommunehus
 Hemsedalsvegen 2889, 3560 Hemsedal
Eksp. tid mån – tor 9.00–15.00 fre 9.00–12.00
 Tlf. 31 40 88 45 • www.hemsedal.kyrkja.no
 kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no

Kyrkjevevjerje:
Kjetil Th. Storebråten
 Tlf: 31 40 88 45 • Mob: 908 21 745
 kjetil@hemsedal.kommune.no
 Kontortid: Mån–tor: 9.00–15.00 fre: 9.00–12.00

Sokneprest:
Camilla Osnes
 Mob: 977 15 677 • Fri måndager
 camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

Kantor:
Peter Rødel
 Tlf: 401 08 339 • kape10@hotmail.no

Kyrkjetenar:
Wilfried Westera
 Tlf. 971 09 922 • wilfriedwestera@live.nl

Gravplassen:
Hans Vidar Sørensen
 Tlf: 911 76 827 • sorensen.hv@gmail.com

Sokneråda og fellesråda:
Gunn Astrid Frøysok
 Leiar Gol og Herad
 Tlf. 990 34 376
Irene Markegård
 Hemsedal: 2367.20.49482
 Midl. leiar Hemsedal
 Gol: 2324.20.01354
 Tlf. 482 02 020
 Herad: 2324.62.05795

**Ynskjer du å gje
 ei gåve til kyrkja:**

Antall nr.: 6 nummer i året
Utgjevar: Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad
Redaksjon: Sølvi Larsen Aalrust, Kjell Slåtten, Gunnar Rudningen, Hilde Moe
 Hillestad, Kristine Viko, Ludvig Munkejord, Gunn Ragnhild Stigen.
Ekspedisjon: Kyrkjekontoret, 3550 Gol
E-post: oaalrust@online.no
Kasserar: Arne Oddmund Tuv,
 3560 Hemsedal.
Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal
 2367.60.00097



MIN SALME

ESTERA CIUR



FORSIDEFOTO: **BO MATHISEN**
 DÅPSBARN HEDDA SKINNEMOEN BREDSSAND.

FOTO: **PRIVAT**

Siden vi har nettopp begynt på et nytt år, er det godt å bli minnet på at vi trenger ikke å gå alene, men sammen med Jesus. Slik siste verset i salmen sier: "Fyll meg med Din kraft", trenger vi ikke å møte alle motganger alene, men i Guds kraft. Vi kan legge alt for Hans føtter I bønn: familien, vennene, jobben, huset etc. Han tar imot våre bønner, og velsigner oss med Sin fred.

Jeg vil gjerne utfordre Elin Ruud til Min Salme.

Alt for Jesu fot jeg legger

Alt for Jesu fot jeg legger
 Alt hva jeg her kaller mitt
 Jeg vil elske, jeg vil tro Ham
 Følge Ham for hvert et skritt

Jeg vil gi Deg alt
 Jeg vil gi Deg alt
 Du skal råde, kjære frelser
 Jeg vil gi Deg alt

Alt for Jesu fot jeg legger
 Gjør meg Frelser helt til Din
 La meg høre Åndens stemme
 La meg kjenne Du er min

Jeg vil gi Deg alt
 Jeg vil gi Deg alt
 Du skal råde, kjære frelser
 Jeg vil gi Deg alt

Alt for Jesu fot jeg legger
 Ja, jeg gir meg helt til Deg
 Fyll meg med Din kraft og nåde
 Med Din fred velsign Du meg

Jeg vil gi Deg alt
 Jeg vil gi Deg alt
 Du skal råde, kjære frelser
 Jeg vil gi Deg alt

Jeg kommer fra Romania, og har bodd i Hemsedal i to perioder, totalt 12 år. Her jobber jeg som barnehagelærer i en av barnehagene i bygda og trives veldig godt.

Salmen jeg har valgt å dele med dere er "Alt for Jesu fot jeg legger". Det er ikke en norsk salme, men amerikansk, oversatt til flere språk. Jeg har blitt kjent med den i menigheten jeg vokste opp i Romania.

Som mennesker er vi vant med - og ikke minst liker vi - å lage planer og kjenne at vi har en viss grad av kontroll over livet vårt og hverdagen vår. Men livet kan overraske iblant, ha sine opp- og nedture. Året som har gått har lært oss hvor lite kontroll vi egentlig har. For noen kan dette oppleves som skummelt, men når vi løfter blikket vårt opp og ser på Gud kan vi oppleve håp og fred. Salmen jeg valgte har ofte hjulpet meg å løfte blikket. Det jeg tenker på hver gang jeg synger denne salmen, er de mange gangene Jesus sier: "Frykt ikke!" og et annet Bibelvers som oppmuntrer oss til å: "Vær ikke bekymret for noe, men la i alle ting bønneemnene deres komme fram for Gud i påkallelse og bønn med takk!" (Filipperne 4: 6). Og Guds ord kan vi stole på, fordi Han har ikke gjort noen endringer på det de siste over 2000-årene. Verken Gud eller Hans Ord endrer seg.

Ei ny bok kom til jul: «Kongen forteller.» Interessant å lese. Vår Konge møter mange menneske i si gjerning. Han sit ikkje berre ved kongens bord i Statsråd. Han møter ikkje berre store folkemassar. Han møter og rusmisbrukaren, unge som har blitt mobba og barn med ein vanskeleg oppvekst, kan me lese. «Kong Harald tror på samtalenes nødvendighet. Kanskje fordi han har et våkent blikk for sårbarheten som mange menneske bærer på.» Samtalen med Kongen vart eit vendepunkt for mange. Omsorga frå kongen ville dei aldri gløyme.

I samtale med Kongen.

«Konge er du visst, Herre Jesus Krist,» syng me i påskeveka. For Jesus er kongen. Kongen av ei anna verd. Me les om han i Johannesevangeliet. Fleire er i samtale

med Kongen der. Me ser han gå blant folket. Me finn han ved Sykars brønn. Der møter han ei samaritansk kvinne på høglys dag. Ho var ikkje velsett blant jødane. Henne spør Jesus om hjelp, noko som var høgst uvanleg på den tida. Han syner henne tillit. Det kjem i gang ein samtale. Det vert eit vendepunkt for kvinna. Jesus vender samtalen frå vatnet i brønnen til levande vatn. Det vert ein avslørande samtale. Ein frigjerande samtale. Kvinna har fått møte Kongen av eit anna slag! Ei ny framtid opnar seg! Eit nytt liv!

I samtale med Kongen.

Bøna opnar opp for oss å samtale med Kongen. Det gjeld for alle, med eller utan medalje. Eg har møtt han i dag. Eg hørde han ikkje, men han hørde meg.

Eg såg han ikkje, men han såg meg. Han velsigna dagen min. Bekymringane mine. Nederlaga mine. Eg fekk tilgjeving. Eg fekk fred. Han tok imot meg slik som eg er. Det var ein samtale som bar tryggleik og håp inn i den nye dagen.

I samtale med kvarandre.

Eg trur på samtalen. Den gode samtalen. Med Kongen som førebilete. Der blikk møter blikk. Der ord spelar på lag. Der respekt og forståing står i høgsete. Den gode samtalen som ber og som løfter. Eg trur på ein kyrkjelyd som samtalar, som våger å vere opne både om det som er lett og det som er vanskeleg. Den gode samtalen er frigjerande.

Tre gode grunner til dåp

TEKST: **SUNNIVA GYLVER**, SOKNEPREST
I FAGERBORG MENIGHET I OSLO.

Som prest i Den norske kirke døper jeg små og større dåpsbarn med glede. Her er tre gode grunner:

1. Dåpen er verdens største kjærlighets-erklæring: Vi går eller blir båret fram, og Guds frelsende kjærlighet plasker i hodet på oss, uten at vi har gjort noe annet enn å komme til dåp. I samfunnet ellers handler det ofte om å prestere og fortjene oss til anerkjennelse og verdi. I Guds rike er utgangspunktet at vi ER grenseløst elsket, uansett hva vi gjør, av den kjærligheten som er større enn verden. Med det utgangspunktet blir vi radikalt utfordret på å elske Gud og mennesker og alt som lever. Vi er aldri alene.

2. Dåpen er redning. Et blikk ut i verden og inn i oss selv forteller at vi trenger redning fra den lille og store ondskapen i oss og rundt oss. Verden og mennesket er både fantastisk og forferdelig. I dåpen dør og oppstår vi med Kristus. Gud ble menneske, ga sitt liv for alle, og seiret over døden - da vant Guds kjærlighet over alt som truer livet. Selv om det ikke alltid virker sånn, her og nå. Vi er aldri alene.

3. Dåpen er tradisjon og tilhørighet. Vår egen fortelling settes inn i en større fortelling om verden. Vi feirer livets under og fellesskapet i den verdensvide kirke. Vi er aldri alene. En gang jeg skulle døpe lille Stella, sto storebror Jakob, seks år,

på den andre siden av døpefonten og fulgte nøye med.

Da vi kom til stedet der jeg tegner et kors over dåpsbarnet for å vise hvem hun hører sammen med, sa Jakob upassende høyt: Hva er det du gjør med henda?! Etterpå snakket vi sammen om korset OG om lynarret - vi er nemlig hardcore Harry Potter-fans begge to. Trollmannen Harry Potter fikk et arr i pannen i form av et lyn da han var ett år gammel. Den onde fyrst Voldemort prøvde å drepe ham ved å sende ut en mordforbannelse, men moren til Harry kastet seg i mellom.

Lilly døde, men reddet livet til sønnen sin. Han fikk bare et arr, som for alltid minnet ham på både ondskapens og dødens virkelighet, OG på den kjærligheten som ga seg selv for ham og ga ham et særlig vern mot det onde.

Jakob, Stella og jeg er ikke merket med lynarret, men med noe enda større: Med korsets tegn. Gjennom det kan også vi bli minnet på ondskapens og dødens realitet i vår verden, OG samtidig på den kjærligheten som ga seg selv for oss alle, og er sterkere enn døden.

Dåpen – eit 2000 år gammalt mysterium

Det er eit under når eit barn blir til. I kyrkja så følgjer vi ofte opp dette underet med eit like stort under, vi ber barnet til dåp. Det er eit 2000 år gammalt rituale som Jesus sjølv gav oss i oppdrag å utføre.

Målgruppe: Alle folkeslag. Altså er det ikkje berre barn blir døypt men folk i alle aldrar og livssituasjonar. Når vi blir døypte er det eit synleg teikn på at vi hører Gud til. Dette er ei gåve vi får som vi kan velje å forhalde oss likegyldige til, eller vi kan ta ho imot som den store gåva og tryggheta ho er. Vi kan gå gjennom store delar av livet vårt og ikkje bry oss så mykje om den, for så plutsleg sjå kor viktig den hendinga var, sjølv om vi ikkje evna å skjønne kva som hende i augeblikket det hende. Det kan vera like sant for eit barn, ungdom eller vaksen.

Vi ynskjer å lyfte fram dåpen som heilag handling, som eit mysterium, for å vise at ein ikkje treng å vera akkurat 3 månedar, ikkje treng å ha ein dyr fest, at ein ikkje treng å forstå alt, for å bli døypt. I den anledning tenkte vi at vi ville vise fram ein dåpskandidat og ein fadder! Her er dei.



Intervju med Heidi Granli om dåpen

Dåpsbarnet Herman Granli Norhaug saman med sine foresatte og fadderar.

Frå venstre: Irene Lie, Frida Ibsdotter Lillaas, Christoffer Norhaug, Herman-Granli Norhaug, Heidi Granli, Johannes Mølster og Maria Sundsdal.

Kva heiter barnet?

Herman Granli Norhaug

Kvifor valde de å døype Herman?

Fordi det er tradisjon å døype borna sine i våre familiar samtidig som eg personleg ynskjer sterkt at Herman skal høyre til fellesskapet som kyrkja skapar. Kyrkja har vore der for meg i både gode stunder og i vonde stunder, det håpar eg at kyrkja kan vera for Herman og.

Kva gjorde at de valde dei fadderane de valde?

Fadderane til Herman vart valt av forskjellige grunnar. Me valde 4 menneskjer som me veit vil vera ein del av Herman sitt liv. Fyrst og fremst fordi me som foreldre har ei sterkt tilknytning til desse menneska, men og fordi dei alle anten direkte eller indirekte har stillt opp for Herman allereie, både før og etter at han vart fødd. Dei er trygge vaksne som alle har forskjellige erfaringar med og i livet som gir dei kunnskap dei kan vidareføre til Herman.

Har nokon andre hatt dåpskjolen før Herman?

Ja, fleire i min familie men diverre er dei ikkje brodert inn i dåpskjolen.

Det var ei litt spesiell tid, skulle du ønske noko kunne vore annleis? Kva?

Eg skulle sjølvsgatt ynskt at me kunne ha vore fleire om å feire den store dagen, og det største savnet var at me ikkje kunne sende Herman rundt for varme og gode klemmer frå dei som var i dåpsfylgjet.

Var det usemje i familien om valet?

Nei, og hadde det vore det så trur eg faktisk at eg hadde lagt ned anten dobbeltstemme eller veto.

Var det dyrt?

Nei, det blir så dyrt som du lagar det til. Maten og kakun kan du sjølv eller nokon i dåpsfølget laga. Lokala kan anten leigast eller du kan nytte noko du allereie har. Når det gjeld pynt kan ein tenkje kreativt å nytte naturen, det gjorde me.

Kva var det finaste med dåpsdagen syns du?

Sjølve seremonien i kyrkja der alle som var bedt fekk sjå Herman i dåpskjolen og dåpsluva.

Var det skummelt på dåpssamtale?

Nei, så langt derifrå. Som vanleg prata eg meg burt og barnefaren fekk ikkje sagt stort. Dåpssamtala opplever eg set litt perspektiv og byr på litt refleksjon, det har eigentleg alle godt av.

Kva tenkjer du no i ettertid?

Eg er glad for at me fekk gjennomført dåpen når me gjorde, både pga korona og på grunn av at dåpsluva begynte å bli i minste laget for Herman. Men mest av alt er eg glad for at Herman er ein del av fellesskapet kyrkja skapar. Nokon eg diskuterer dette med meiner at barnet må få velje sjølv, og det skal også Herman få.

Han skal få velje sjølv om han vil forlate kyrkja når han er stor nok til å ta ei slik avgjerd. No er han liten og avhengig av sine foreldre, og då meiner eg at det er vår plikt å velje for han fram til han kan velje sjølv, også i andre spørsmål.

TEKST: ARNSTEIN BLEIKTVEDT FOTO: SONDRE NORHAUG

Manglar de dåpskjole?

Ingen grunn til fortviling! Kyrkjekontora både i Hemsedal og Gol og Herad har kjolar til utlån.

I Gol og Herad har vi ein nydeleg hekla dåpskjole med lue som vi låner bort til dåp. Kjolen har valfri underkjole i lys rosa eller lys blå med bånd til.

I Hemsedal har vi to flotte dåpskjolar i ulike størrelsar til utlån.

Ta kontakt med kyrkjekontoret for meir informasjon og for å gjere ei avtale



Gol



Hemsedal



Hemsedal

Å være fadder

TEKST: CAMILLA OSNES
FOTO: KJELLAUG SOLBAKKEN

Dåpen er et øyeblikk som blir med deg gjennom livet. Fadderne hjelper den døpte til å huske det. I Den norske kirke får alle som er døpt fadder. Hva er en fadder og kan jeg være det?

Vi har spurt hemsedølen Ragnhild Jordheim, tidligere trosopplærer, og nå frivillige medarbeider på Ope Hus og bonde om det å være fadder.

Ragnhild forteller at hun husker at hun ble første gang fadder på høsten etter hun var konfirmert. Da var hun fylt 15 år.

Hva tenkte du da du ble spurt om å være fadder?

- Det var uventet, skikkelig stas og en stor ære, sier Ragnhild.

Siden den gang har hun fått gleden av å være faddere til flere barn. Hele syv stk er Ragnhild blitt fadder for i dag.

Hva betyr det for deg å være fadder?

For meg betyr det mye å være fadder. Det er ærefullt og et viktig oppdrag. En livslang oppgave som jeg har takket ja til, forteller Ragnhild.

Slik som det er for Ragnhild så opplever mange at det å være fadder er en stor glede, tillit og ansvar. Mange får et spesielt forhold til barnet de er fadder til. Det er ingen fasit på hva en fadder skal gjøre.

Det finnes mange måter å følge opp fadderløftet på. Noen bruker dåpsdagen til å finne på noe med fadderbarnet eller sende en liten dåpshilsen.

En av oppgavene som fadder er å vise omsorg for barnet og det finnes mange måter man kan gjøre det på. Andre gode oppgaver er å finne måter å hjelpe barnets tro kan ha en plass i hverdagen. Det kan man gjøre ved å synge bordbønn eller kveldsbønn ved sengekanten, be med og for barnet, snakke om tro og livet store spørsmål, vise nestekjærlighet og omsorg for andre.

Jeg spurte Ragnhild hva hun synes er viktig å formidle til sine fadderbarn og hvilke faddertips hun har:

- For meg er det viktig å ha en god relasjon til fadderbarna mine. De skal vite at de er elsket for akkurat den de er. Og at hjemme hos oss er døren alltid åpen for de.

Ragnhilds faddertips:

- Skriv ned dåpsdagen til fadderbarnet ditt. Det kan være hyggelig med en hilsen på dåpsdagen. Inviter de hjem på besøk. Vær barnevakt for fadderbarnet og inviter de med på gudstjeneste om du har lyst til det. Jeg har ikke alltid vært like god til å huske dåpsdagen til fadderbarna mine, men jeg ber for de alle. Det tror jeg er den største gaven jeg kan gi de!



Ragnhild Jordheim Sørbo, fadderbarnet Alfred Hansen Solbakken, Daniel Jordheim Sørbo og Larisa Dawloy.

Hvem kan være faddere?

En fadder må ha fylt 15 år og som hovedregel være medlem av Den norske kirke. Medlemmer av andre kirkesamfunn kan være faddere så lenge de aksepterer barnedåp.

Hvert barn som blir døpt, skal ha minst to faddere, og de må ha fylt 15 år. Det er ingen øvre grense for antall faddere. Som fadder er du vitne om at barnet er døpt med en kristen dåp. Ved døpefonten svarer foreldre og faddere ja til at barnet skal vokse opp med den kristne tro. Dere sier ja til å lære barnet om troen og hva den betyr for livet. Men dette står dere ikke alene om. For kirken sier også ja. Når barnet blir døpt, blir det medlem i Den norske kirke og en del av fellesskapet i menigheten der barnet bor.

TEKST: BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS

Forbønsteneste for dåpsbarn i Hemsedal

Dei som blir døpt i Hemsedal og bur i bygda blir innlemma i ei frivillig forbønsteneste der ein frivillig forbeder ber for den døpte.

I dåpen forpliktar foreldre og fadrar seg til å be for barnet, og lære han/ho sjølv å be. Dette ansvaret deler dei med kyrkjelyden. Målet med forbønstenesta er at alle dåpsbarn som bur i Hemsedal, skal ha ein som tek dette ansvaret på vegne av kyrkjelyden.

Som forbeder er oppgåva å be for eit bestemt barn, så det «kan leve og veksa i den kristne trua.» Denne tenesta kan gjelde til barnet er 4 år og får invitasjon til

å kome i kyrkja og mottar «Mi kyrkjebok». Det ligg ingen føringar på kor ofte eller kor mykje ein skal be for barnet, det er opp til kvar enkelt forbeder.

Korleis foregår det i praksis

Dåpsforeldre vert informert om tenesta i dåpssamtalen og har moglegheit til å si «nei». Den som ber for eit barn skal ikkje ha nokon kontakt med foreldra eller barnet om dette, og foreldra skal ikkje vite kven i kyrkjelyden som ber for barnet.

Når eit barn skal døypast sender kyrkje-kontoret ut namn på barnet, namn på foreldre og dåpsdagen som er avtalt til neste forbeder på lista. Om meldingane

når fram i tide, veit forbedaren på førehand når dåpen er, og kan vere til stades i kyrkja ved dåpen, om dei ønsker det og har høve til det.

Forbønstenesta vert i fyrste rekke handtert av trusopplærer, men dersom det skulle vere sjukmeldingar/permisjonar og liknande, kan sokneprest/kyrkjeverje ta seg av forbønstenesta. Vi er alle underlagt teieplikt.

Kunne du tenke deg å vere med på å bidra til at alle dåpsbarn i Hemsedal har ein som ber for dei? Då kan du ta kontakt med kyrkjelydspedagog Britt Marie. (Kontaktinfo finner du på s.2)



FOTO: BO MATHISEN

Hvorfor dåp?

Hvert år velger 65-70 000 foreldre å døpe barnet sitt i Den norske kirke. I tillegg velger flere tusen barn, unge og voksne å bli døpt. Bak disse tallene ligger det mange samtaler og tanker om hvorfor vi skal velge dåp. Her er noen momenter til samtalen:

1. Dåp er tradisjon

Tradisjoner uttrykker det som er viktig for mennesker. Tradisjon er ikke uttrykk for likegyldighet eller ubevissthet. Tradisjon er en del av vår identitet som vi kan velge å videreføre.

2. Dåp er å bli ønsket velkommen

Rundt den som døpes er foreldre, faddere, familie og venner. Dåpen fører oss inn i menigheten, hele Den norske kirke og den verdensvide kirke. I dåpen knyttes vi sammen med kristne søsken over hele jorden.

3. Dåp er å ta imot Guds kjærlighet

Dåpens vann og dåpens løfter formidler Guds nåde og kjærlighet. Det å være døpt er å leve omsluttet av Guds kjærlighet.

4. Dåp inviterer til det store mysteriet

Tro er et møte med det vi ikke forstår. Dåpen er en invitasjon til undring i møte med livets mysterium og tillitsfull motakelse av troen.

5. Dåpen lar oss leve og vokse i troen

Ingen vokser opp i et nøytralt rom. De kristne verdiene er et godt livsgrunnlag.

Gjennom dåp og innføring i troen får barnet et grunnlag for å gjøre selv-stendige valg. Menighet og hjem står sammen om å utforske dåpens gave.

6. Dåpen gir håp

Dåpen bærer gjennom livet og har et håp som bærer utover dette livet. Jesus kaller alle til dåp. Vi døpes til å leve et liv med Jesus. Dåpen gir oss del i Jesu oppstandelse. Dåpens løfter setter våre liv inn i Guds evige perspektiv

SpareBank 
HALLINGDAL VALDRES

Flå - Nesbyen - Gol - Hemsedal - Ål - Geilo

Du finner oss i hele Hallingdal • sb1.no • tlf. 915 03 202

bruse
ditt fiberselskap

VI LEVERER **altibox**

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE I GOL OG HERAD KYRKJE

MUSIKK

Preludium /
inngangssalme



SYNDSVEDKJENNING

[Vi ber om unnskyldning for det gale vi har gjort]

Alle: Gud, ver meg nådig!
Eg har synda mot deg og svikta min nes
og jord, med det eg har gjort, og det eg l
og jord, med det eg har gjort, og det eg l
og jord, med det eg har gjort, og det eg l

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE I GOL OG HERAD KYRKJE

MUSIKK

DU KAN SJØLV FARGELEGGE DEI KVITE SYMBOLA



BØN



SYNDSVEDKJENNING

TEKST: BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS

ILLUSTRASJONER: VILDE W. MIKKELSEN

FOTO: LUDVIG MUNKEJORD

Liturgisk utstyr for barn

Kirkerådet lyste ut ein mulighet for å søke om økonomisk støtte til liturgisk utstyr for barns deltakelse i menighetens fellesskap. Dette var ein god mulighet, så vi bestemte oss for å søke om barnelysglobe og egne liturgihefter for barn til kyrkja i Gol og Herad. Vi søkte om totalt 25.000, som var maks søknadssum, og dette fekk vi!

Barnelysglobe

Egill Ansgard Jensen i Sandefjord er pensjonist, og han har lagd og lagar både lysglobe til kyrkjer og anna kunsthandverk i støypejern. Han tok på seg oppdraget med å lage ein barnelysglobe til Gol og Herad. Den kjem med både høgt og lågt stativ, slik at den i tillegg til å vere ei vanleg lysglobe, og kan nyttast på eit bord, eller på gulvet med ei lyssamling rundt. Vi syns det er fint at ungene sjølv kan få tenne lys, utan at dei må løftast opp, samtidig som vi har vore opptekne av brannikkerheten ved at ikkje dei aller minste skal nå opp til lyskransen. Vi håpar at dette vil vere eit velkomment tiltak som blir sett pris på. Lysgloben blir ståande i Gol kyrkje, men vi kjem nok og til å ta den med til Herad kyrkje, og til Gol bedehus når det er trusopplæringstiltak der, der det er hensiktsmessig å bruke denne lysgloben.



Liturgihefter for barn

Vi såg at det kan vere vanskeleg for barn (nokon gonger kanskje for vaksne og?) å finne fram i liturgiheftet og følgje med på gudstenesten. Dermed kom og tanken om å lage egne liturgihefter for barn, der dei enkelt og visuelt kunne sjå kor i gudstenesten vi var og følgje med i eige hefte. Tanken kom tidleg at vi måtte ha to ulike hefter – eit for dei som ikkje kan lese, med store symboler og plass til å teikne/fargelegge, og eit for dei som kan lese, der og dei same symbola blir nytta, men der og teksten alle deltek på står, slik at dei kan følgje den.

Vi tok kontakt med Kreator på Ål for å få hjelp med prosessen med å designe, illustrere produsere heftene. Utfordringa er jo at gudstenesteledda kjem i litt ulik rekkefølge, alt etter om det er dåp, nattverd, om det er dåp og nattverd, eller om det ikkje er nokon av delene. Løysinga vart dermed at det vart to hefter for kvar aldersgruppe, der designaren har laga «løyper» som skal følgast, avhengig av innhaldet i gudstenesten. Dette vart



Synsvedkjening – vi ber om unnskyldning for det gale vi har gjort

veldig bra! Vi fekk og nye illustrasjonar laga til dei ulike gudstenesteledda av illustratør Vilde Warendorph Mikkelsen – veldig flotte og symbolske illustrasjonar som sier noko om innhaldet i gudstenesteleddet. I heftet for dei minste er illustrasjonane både i farger, og i svartkvitt, slik at ungene kan fargelegge sjølv. I heftet med tekst er det og nokre korte forklaringar på dei ulike gudstenesteledda – kva handlar til dømes «Kyrie» om?

Så neste gong du er på gudsteneste i Gol eller Herad med (eller utan) barn kan du legge merke til både lysglobe og liturgihefter. Liturgiheftene blir delt ut ved inngangen, og vi håpar at dei vil gjere det lettare for ungene å følgje med i gudstenesten. Kanskje blir det og lettare for mor og far å svare på spørsmålet: «Kor lenge er det att?»...Heftene er tenkt for eingongsbruk, slik at ein kan krysse av for kvart ledd, teikne og fargelegge undervegs, og så kan ein ta med heftet heim etterpå om ein ønsker det.

Tanken var og å søke om barnelysglobe og liturgiske kapper til kyrkja i Hemsedal. Denne søknaden gjekk dessverre ikkje gjennom, vi får håpe ein får ein ny sjanse!



Takkoffer – vi gir av det vi har, slik at det kan bli til velsigning for andre.

MØTEPUNKT

HEMSEDAL KYRKJE & HEMSEDAL NORMISJON

- Nytt møtekonsept Hemsedal Normisjon og Hemsedal kyrkje

7. februar starter Hemsedal Normisjon og Hemsedal kyrkje et nytt møtekonsept som heter *Møtepunkt*. Med dette avsluttes Søndag for alle, og vi går inn i en ny epoke.

Med *Møtepunkt* ønsker kyrkja og Normisjon å ha et helt ærlig samlingspunkt på tvers av generasjoner og bakgrunn. Sammen ønsker vi å skape et

møtepunkt der vi tar oss tid til hverandre, er tilstede, ha rom for tro(verdighet) og ha toleranse. Vår inspirasjon er Jesu bønn «Må de alle være ett» (Joh 17,21).

Gjennom å sette av tid for mat (sosialt fellesskap), tid for intro (dagens tema) og tid for prat (samtale og dialog over livet og troen), håper vi at vi kan skape et troverdig fellesskap. Det skal være rom

for undring og tvil, for å tenke høyt uten å bli arrestert for de tankene man deler. Strukturen på møtepunkt vil være lignende som Søndag for alle med middag kl1600, felles møtestart kl1700, og så inndeling av barnegrupper. Hoveddelen til de voksne vil ha ulik form, og vil hovedsakelig ha tre underkategorier. Nedenfor vil dere se litt mer informasjon om hver kategori.

MERKNAD

P.g.a. smittevernrestriksjoner vil det være unntak i tidspunkt og møteform våren 2021, da vi kun har lov til å være 10 stk og det er praktisk vanskelig å samle alle aldre sammen.

Våren 2021 vil møtepunkt starte kl. 19.00 og være kun for ungdom og voksne.

Helt ærlig om utenforskap

7. mars - kl. 19.00 - Kyrkjestugu

I samtalen Marte Bredesen, Arnt Skansen m.fl.

4. april kl.17.00 Hemsedal kyrkje
Gudstjeneste for stor og små: Første påskedag

Velkommen til en barnevennlig gudstjeneste.

UNDERKATEGORIER PÅ MØTEPUNKT

Helt ærlig + tema:

Helt ærlig handler om dialog. Her skal vi snakke helt ærlig om temaer som vi synes er viktig. Vi ønsker å berøre temaer som angår hverdagen, troen og livet, og som også kan være tabubelagte og vanskelig å snakke om. Helt ærlig tar opp tema med store spørsmål som ofte ikke har et fasitsvar.

Gjennom dialog ønsker Helt ærlig å fremme gjensidig forståelse, respekt og samhandling. Her skal det være rom for ulik trosmeninger, og skape enhet og samhold gjennom dette. Enhet er ikke det samme som enighet. Vi ønsker å bryte barrierer mellom mennesker, skape forsoning og fred.

Hvordan vil en Helt ærlig samling se ut? Når vi har Helt ærlig er det valgt et tema som et panel skal samtale om (eks om ensomhet, om utenforskap, om skam).

Tre personer med et engasjement for valgt tema inviteres til å sitte i et panel. Samtalen starter ved at moderator ønsker velkommen, introduserer konseptet, kveldens tema og panel. Deretter får hver paneldeltaker anledning til å holde en innledning. Videre innleder moderator en samtale med panelet.

Når panelet har fått kommentere hverandres innledninger og samtalt videre om tema, tar man en pause med et musikkinnslag. I pausen kan publikum få skrive spørsmål til panelet anonymt. Etter pausen gjenopptas panelsamtalen, nå med utgangspunkt i spørsmålene fra lappene.

Tale + tema:

Når vi inviterer til Møtepunkt: Tale inviterer vi en person til å tale over et tema. Vi tar et dypdykk inn i temaet taleren taler over. Taleren varer ca 20-30 min.

Musikk + tema:

Når vi inviterer til Møtepunkt: Musikk står musikken i fokus. Her blir det lovsang og salmer med en kortere tale.

Vel møtt!

*Hilsen Møtepunkt-komiteén
Monika Bakko, Jenny Bårdsen,
Line Sollien og Camilla Osnes*

Frivillig?

Synes du dette hørt spennende ut og kunne tenkt det å være frivillig? Vi hører gjerne fra deg! Ta kontakt med en av oss i komiteen eller på camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

Vikarar for diakonen i Gol

Mens diakon Martha Frøyland Bleiktvedt er i permisjon for å vera med familien sin i Japan, har vi vore heldige å få to gode, lokale vikarar for henne i denne perioden.



Sissel Rudningen frå Hemsedal skal arbeide i 70% stilling i denne perioden.

Sissel er utdanna både allmennlærer og faglærer i folkemusikk. I tillegg har ho grunnkurs i Bibel og misjon frå Gå-Ut senteret samt 3 mnd bibelskulekurs frå KRIK. Ho har jobba om lag 25 år i skuleverket i Hemsedal og har delteke i frivillig kristent arbeid i Hemsedal. Ho har også vore både medlem og leiar av Hemsedal sokneråd. Sissel starta i arbeidet 1. januar og allereie godt i gang med den jobben som kan gjerast i desse koronatider.

Vi er svært glad for å ha fått Sissel inn i staben på kyrkjekontoret på Gol.



Wera Waage Frogner som er busett i Gol, skal arbeide i 30% stilling.

Wera, som starta i stillinga 25. januar, har fagbrev som aktivtør og har siste åra nytta denne kompetansen innan omsorgstenesta i Nesbyen og på Gol helsteun. Wera har også før det lang erfaring frå Postverket. For mange år sidan gjennomførte ho Menighetsseminar i Oslo. Wera var også for nokre år attende vikar i 20% i denne diakonstillinga, då Ingrid Økesveen var diakon og siste åra berre jobba 80% stilling.

Wera er derfor godt kjent både på kyrkjekontoret og innan omsorgstenesten i Gol og vi er veldig glad for å ha henne attende i denne stillinga.

Sissel og Wera er eit godt team saman og vi ynskjer dei hjarteleg velkomen på kyrkjekontoret på Gol og inn i dette viktige arbeidet!

Velkomen til S-klubben!

P.g.a. korona-situasjonen venter vi med S-klubb-samlingar til litt utpå vinteren.

Fyrste samling blir onsdag 24. februar, då skal vi ha akeveld på Trøimsjordet.

Om smittevernet tillet det blir det samlingar desse onsdagane:

17. mars, 7. april, 21. april, 5. mai, Sommaravslutning fredag 11. juni.

Vi fylgjer dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjer med tanke på smittevern. For oppdatert informasjon ta kontakt med Anne Berit Ulsaker, tlf 97763842, eller sjå på Hemsedal kyrkje si heimeside.

S-klubben er ein kristen barneklubb for alle barn i alderen 5-12 år. Dei fleste samlingane er på Kyrkjestugo, onsdagar kl. 17.30 – 19.00.



FASTEAKSJONEN 21. – 23. MARS



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

**FOR 785
MILLIONAR MENNESKJER
ER DETTE DRIKKEVATN**

Forandre. For andre.

**VIPPS til 2426
SMS VANN til 2426 (250,-)
eller gi på konto: 1594 22 87493**



Open kyrkje

Gol kyrkje

Kvar tysdag - kl. 18-19

Dette er ein stille time for stille bøn, meditasjon og lystenning.

Her kan du koma og gå når du måtte ynskje det, gjennom denne timen. Det vil og vera ei felles samling rundt lysgloben, der ein les ei felles bøn til avslutning.

Velkommen!

Hilsen Open hus-komiteén og diakonitvalget i Gol og Herad.

Utlysning

Holde og Thorset legat

Tildeling av midlar for 2020 skjer etter søknad. Kven kan søkje: Sundagsskulen får alltid 10% av renteinntektene.

Resten fordelas på søkjarar som driv kristeleg verksamheit på Luthersk evangelisk grunn i Hemsedal.

Søknad sendes til:

Hemsedal Kyrkjekontor
Hemsedalsvegen 2889, 3560 Hemsedal
eller kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no

Har de spørsmål kontakt kyrkjekontoret: 908 21 745
Søknadsfrist: 23. februar 2021



DEN NORSKE KYRKJA
HEMSEDAL



Grunna smittevern har våren 2021 og tilpassa program på Gullrekka. Det er ikkje matserving eller fellessamling.

Gruppedeling:

0-6 år (om ønskeleg med vaksen)
2.-4. klasse
5.-7. klasse

0 år t.o.m 4. klasse kl. 18-19

5.-7. klasse kl. 18-19.30

MERK TIDA!

*7. feb. deltek vi på gudsteneste i Gol kyrkje

Vi treng ei påmelding innan kvelden før denne våren til Britt Marie - 951 22 136

*Acta – Normisjonen, Sondagsskolen Sprell
Levende og Den Norske Kyrkja – Gol og Herad*

Datoer våren:

5. februar

7. februar *

12. mars

16. april

28. mai

ÅPEN KIRKE I HEMSEDAL

FEBRUAR OG MARS 2021

Velkommen til åpen kirke i Hemsedal!

Under åpen kirke blir det spilt levende musikk fra organisten og andre lokale musikere. Her kan du få komme og gå som du vill!

Du kan være der hele timen eller bare noen minutter.

Det står du helt fritt til! Her er det rom for stillhet, lytte til musikk og lesningene, bønn og meditasjon, lystenning.

Annenhver tirsdag fra 16.00-17.00 oddetallsuker

Datoer: 2. februar, 16. februar, 2. mars, 16. mars

Annenhver torsdag fra 16.00-17.00 partallsuker

Datoer: 11 februar, 25 februar, 11 mars og 25 mars.

Nattverd:

I disse dager er det ikke mulighet å feire nattverd ved ordinære gudstjenester. Prest kan dele ut nattverd ved henvendelse fra enkeltpersoner eller kohorter. Du/dere kan ta direkte kontakt med prest for å avtale tidspunkt eller henvende deg til presten under åpen kirke. Nattverdsmåltidet forrettes innenfor den til enhver tid gjeldende smittevernveileder for Den norske kirke.

Har du lyst til å filme, redigere, streame og lære flerkameraproduksjon?

Kyrkja i Hemsedal og Gol søker ungdom under 25 år som er interessert i film og teknikk. Dere vil få ansvar for streaming og å lage filmer til ulike arrangement.

Kontakt Kjetil på 90821745 for å få vite mer!
Eller e-post: kjetil@hemsedal.kommune.no

v:pps

Kyrkjebladet



591790
Vipps nummer

Gol og Herad kyrkje



517300
Vipps nummer

Hemsedal kyrkje



105608
Vipps nummer

Lykkja kapell



542742
Vipps nummer

KUNNGJERINGAR

DØYPTE

Gol kyrkje

06.12.20 Odin Sæbø – Steemers
25.12.20 Sigrid Handeland

Den norske sjømannskirken i Hamburg

09.08.20 Tiril Sokollek-Lied

**Første-
klasser**

Førsteklasses med utegudsteneste med utdeling av 6-årsbok, aking og kyrkjevandring i Gol kyrkje 7. februar vart utsett grunna kulde. Vi håpar dei som er fødd i 2015 og skal begynne på skulen til hausten er klare for å møte opp i mars!

VIGDE

Fausko amfi

05.12.20 Christian Halse
og Katrine Bergo

GRAVFERDSBYRÅ I HALLINGDAL

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS

Bente Andreassen

Vakt tlf. 480 234 77 - www.golbb.no

HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ

Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen

Vakt tlf: 97 41 41 00

JØLSTAD - HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ AS

Terje Nordal - Steinar Aa - Torfinn Slåtto

Vakt: 917 06 250 / hallingdalgravferd.no

DØDE

Herad kyrkje

25.11.20 Kjell Stuvebakken f. 1932
27.12.20 Bjørn K. Slettingdalen f. 1957

Gol kyrkje:

22.12.20 Ole Hjallen f. 1947
30.12.20 Kari Haugen f. 1931
03.01.21 Lars Lindmo f. 1963
09.01.21 Anna M. Gauteplass f. 1935
14.01.21 Ruth Kari B. Turhus f. 1941
15.01.21 Anne Toppen f. 1945
22.01.21 Thorvald Haugo f. 1932

Hemsedal kyrkje:

08.12.20 Bergljot Gjærde f. 1929
13.12.20 Svein O Kirkebøen f. 1928
19.12.21 Oskar Halbjørhus f. 1933
01.01.21 Halvor Hjelman f. 1929

VELKOMEN TIL KYRKJE!

ALL ANNONSERING ER UNDER FØRESETNAD AV TIL EI KVAR TID GJELDANDE SMITTEVERNREGLAR (FØLG MED PÅ HALLINGDØLEN OG NETTSIDENE)

21. februar - 1. søndag i fastetida

HERAD KYRKJE KL.11.00

Gudsteneste. Bleiktvedt.

Takkoffer: Musikkarbeidet i kyrkja

28. februar - 2. søndag i fastetida

VED HEMSEDAL KYRKESTUGU

KL.11.00

Friluftsgudsteneste for store og små.

Utdeling 6-års bok. Osnes. Hafsås

Takkoffer: IKO

HERAD KYRKJE KL.18.00

Gudsteneste. Osnes

Takkoffer: Diakoniarbeidet

7. mars - 3. søndag i fastetida

GOL KYRKJE KL. 11.00

Gudsteneste. Osnes.

Takkoffer: Care Norge

KYRKJESTUGU KL.19.00

Møtepunkt- Helt Ærlig om utenforskap

Arr: Hemsedal Normisjon og

Hemsedal kyrkje

14. mars - 4. søndag i fastetida

VED GOL KYRKJE KL.11.00

Friluftsgudsteneste for store og små.

Utdeling 6-års bok. Bleiktvedt. Hafsås.

Takkoffer: Trusopløringa

21. mars - Maria bodskapsdag

GOL KYRKJE KL. 11.00

Friluftsgudsteneste - Følg med på

annonsering kvar det blir.

Konfirmantane deltek. Etter gudstenesta

vert det « Spring for livet» til inntekt for

fasteaksjonen. Bli gjerne med på løpet

eller spons en konfirmant/deltaker

Bleiktvedt. Rudningen.

Takkoffer: Fasteaksjonen

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00

Friluftsgudsteneste.

Konfirmantane deltek.

Etter gudstenesten vert det sponsorløp

(med spark mm) til inntekt til

Fasteaksjonen. Bli gjerne med på løpet

eller spons en konfirmant/deltaker.

Osnes. Takkoffer: Fasteaksjonen

28. mars - Palmesøndag

HERAD KYRKJE

Gudsteneste. Bleiktvedt.

Takkoffer: Ungdom i oppdrag

1. april - Skjærtorsdag

LYKKJA KAPELL KL.11

Gudsteneste. Osnes.

Takkoffer: Lykkja kapell

BYGDAHEIMEN KL.13.30

Påskeandakt. Osnes.

HERAD KYRKJE KL.13.30

Orgelmeditasjon med Justin Vickery

GOL KYRKJE KL.18.00

Gudsteneste. Måltidsfellesskap.

Osnes. Takkoffer: Diakoniarbeidet i kyrkja.

2. april - Langfredag

GOL KYRKJE KL.11.00

Pasjonsmesse. Bleiktvedt.

HEMSEDAL KYRKJE KL.19.00

Pasjonsmesse. Bleiktvedt.

OSET KAPELL KL.21.30

Påskeandakt. Bleiktvedt.

4. april - Påskedag

GOL KYRKJE KL.10.00

Høgtidsgudsteneste. Bleiktvedt.

Takkoffer: Kirkens bymisjon

LYKKJA KAPELL KL.11.00

Høgtidsgudsteneste. Osnes.

Takkoffer: Lykkja kapell

SØRÅSEN KL.13.00

Friluftsgudsteneste ved fjellet «kyrkja» ca.

18 km frå bommen i Herad på vegen over til Bagn. Bleiktvedt.

HEMSEDAL KYRKJE KL.17.00

Gudsteneste for små og store. Osnes.

Takkoffer: Misjonsprosjekt i Nepal

Tips til digitale ressursar

TEKST: BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS
ILLUSTRASJONSFOTO: JOHN SCHNOBRICH

I ei tid med begrensa møtepunkter, der vi helst skal halde oss heime og det er lite gudstenester og møter, vil vi gjerne kome med nokre tips til gode digitale ressursar både for vaksne sitt trusliv og for trusopplæring i heimen.

Vaksne og born:

- BibleProject er filmar for å forstå Bibelen betre. Filmene animerast i USA, og no er arbeidet i gang med å oversette filmene til norsk. Fyrst i rekka er filmene basert på Lukas evangelium og Apostelgjerningane. Filmene finn du på bibel.no.

Vaksne:

- Plussord produserast av TV Inter som har lang erfaring med å produsere trusinnhald for NRK og TV2. Plussord er små ord for dagen som publiserast på Facebook og Instagram, så du kan følge dei der. Det er og mogleg å gå til plussord.no for å sjå filmene. Det leggast ut eit nytt innlegg med ein tanke rundt eit bibelvers og velsignelsen kvar dag, og innlegget varar i eitt minutt.

- Podcast: Det er fleire gode podcaster ein kan lytte til på telefon, nettbrett eller pc. «Søndagsskole for vaksne» er ein pod der Solveig Kloppen tar opp sentrale spørsmål som «Hvorfor er Jesus så viktig?», «Hva betyr det egentlig å være kristen?» og «Hva er greia med Den hellige ånd?». Med seg har ho prestane Trond Bakkevig og Silje Kivle Andreassen.

«Søndagspodden» kjem ut kvar fredag og er laga av Birkeland sokn. Her tek ein for seg preiketeksten for sundagen gjennom samtale.

«Etter Kristus» - Etter Kristus er et nettverk for kristen trospraksis. Dette sier de om seg selv: Vi tror på kroppen som vårt fremste læreverktøy – Vi blir det vi gjør, derfor vil vi omsette Jesu liv og lære til konkret handling. Etter Kristus er en del av stiftelsen Areopagos, som arbeider med religionsdialog, samtidsreligiositet og kristen spiritualitet. Sjekk ut www.etterkristus.no for mer info.

«Dokka» - Åste Dokka frå Vårt Land tek saman med ein gjest opp spørsmål knytt til tru og eksistens.

- «BibleProject» - om du er klar for ein pod på engelsk kan og denne podden vere eit tips for djupare teologiske diskusjonar.

Born:

- For småbarnsfamiliar: Følg spelelista «for de minste» på den norske Kirke si Facebook-side. Då får du kvar sundag klokka ni varsel om nye filmklipp med Matilda og Karen. Dei har både tips til aktivitetar og sier litt om dagens prekenetekst. God hjelp til trusopplæring i heimen.

- «Bibelappen for barn» er eit godt tips for barn i skolealder (og litt mindre). Denne kan lastast ned gratis i AppStore/Google Play. Her kan ein både sjå/lese/høyre bibelforteljingane med animasjonar, og det er nokre små aktivitetar knytt til bibelforteljingane.

NESTE KYRKJEBLAD

Nr. 2/2021 kjem ut i uke 12

Stoff sender ein til: oaalrust@online.no

innan 7. mars